



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokneråd
Kyrkjeverja

Til Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

31. oktober 2014

Vår ref: 036/14

Høyringsvar til « Staten og Den norske kirke – et tydelig skille»

Eg viser til møte i Sund kyrkjelege Fellesråd 23. oktober 2014 (FR sak 036/14), og oversender følgjande:

Sund kyrkjelege fellesråd takkar for tilsendt høyringsdokument frå kulturdepartementet, « Staten og Den norske kirke – et tydelig skille» og høve til å gje uttale til denne. Vi gjer følgjande uttale:

Departementet sitt dokument er grundig og godt. Vi opplever at det føl opp Kyrkjemøtet sine vedtak på ein god måte.

Vi finn likevel grunn til å kommentera nokre viktige aspekt ved dokumentet, og vi håpar dette blir teke omsyn til i vidare framdrift:

- 1) Det er drøfta i dokumentet om kyrkjemøtet bør ha høve til å delegera mynde til soknets organ. Departementet foreslår at slikt høve ikkje blir etablert. Dette er uheldig fordi det kan hindra høve til nødvendige prøveordningar i forhold til tilsettingar og arbeidsgjevaransvar. På bakgrunn av kyrkjemøtet sitt tydelege signal om felles arbeidsgjevarordning vil slike ordningar kunne være viktige i prosessen fram mot ny kyrkjeordning.
- 2) KA si undersøking blant fellesråda i 2014 viste at heile 87 % hadde ynskje om eit felles arbeidsgjevaransvar plassert på fellesrådsnivå/prostinivå. Dette er eit tydeleg signal frå grasrota. Det er viktig at kyrkja sin prosess blir god og grundig, slik at sluttresultatet gjev ro og stabilitet for framtida. Det blir i departementet sitt dokument slått fast at det skal være prost i kvart prosti. Det kan hende at sluttresultatet blir slik. Men det er uheldig når dokumentet på denne måten og på noverande tidspunkt grip inn og vil lovregulere ei bestemt organisering og ein stillingsstruktur i prestenesta.
- 3) Vi er glade for at dokumentet klart seier at soknet skal være sikra rett til prest. Det er ein klargjering samanlikna med dagens lov, og den ynskjer vi velkommen. På same måte burde det vore slått fast at staten har påteke seg ei rolle i samband med trusopplæring for alle døypte. Her etterlyser vi forpliktande formuleringar i dokumentet. Denne forpliktinga bør også komme fram i samband med drøftingane om finansieringa av kyrkja.

Beate Husa
Kyrkjeverje